



Til

Landbruksdirektoratet
Postboks 8140 DEP
N-0033 OSLO

Att.: Nanna Bergan

Dykkar ref.: 14/6085

Vår ref.: 5106/LLY/2015-1

20. november 2015

Statusrapport 2014- 2015: Klimavenleg gjødsling med NLR Kretsløpstolken – førespurnad om å få utbetalt delar av tilskotet.

Oppsummering så langt - resultat

NLR Hordaland fekk tildelt kr. 650 000,- i tilskot for å gjennomføre prosjektet Klimavenleg gjødsling med NLR Kretsløpstolken. Prosjektet skal avsluttast 31.05.2016. Prosjektet har som mål:

- I 2016 skal NLR Kretsløpstolken vere eit effektiv og godt verktøy for å gje råd om klimavenleg gjødsling og god næringsstoffbalanse på norske mjølkeproduksjonsbruk.
- Mjølkeprodusentar som har analysert drifta ved hjelp av NLR kretsløpstolken skal i samråd med rådgjevar utarbeide handlingsplanar med tiltak som gjev ein betre næringsstoffbalanse og reduserer utslepp av klimagassar og ammoniakk.

NLR Kretsløpstolken er ein norsk utgåve av det nederlandske analyseverktøyet: «Kringloopwijzer», som er utvikla av mellom anna forskingsmiljøa ved Wageningen universitet i Nederland. Nederlandske myndigheter vil frå 2016 krevje at alle mjølkeprodusentar utfører analyse ved hjelp av «Kringloopwijzer» for å dokumenter utnytting og tap av næringsstoffa nitrogen og fosfor. Modellen reknar også ut klimagassutslepp frå garden.

I 2014 fekk vi tilpassa «Kringloopwijzer» til norske tilhøve og utprøvd analyseverktøyet på nokre norske gardsbruk. Rapporttekst mm vart omsett til norsk. Vi var då ikkje klar over at ein oppdatert og ny versjon av «Kringloopwijzer» var under planlegging. Den nye «Kringloopwijzer» var klar for bruk i Nederland i juli, og i løpet av sommaren arbeidet vi med norsk omsetting og tilpassing til norske tilhøve. Den norske versjonen av analyseverktøyet var klar i august, og kan nå lastast ned frå nederlandske nettsider. Ved å lime inn adressa webapplicaties.wur.nl/software/ancanorsk i nettlesaren vil setup-programmet starte automatisk.

Vi brukte mykje tid i august på opplæring av prosjektmedarbeidarane, slik at dei vart godt kjent med modellene. Vi utarbeida også skjema som vart brukt til å hente inn opplysningar frå bøndene som deltek i prosjektet.

Per dags dato er vi ferdige med å innhente data frå 25 gardsdrifter med mjølkeproduksjon i Hordaland, og vi har gjennomført analyse av drifta ved hjelp av NLR Kretsløpstolken.

I analysen får vi fått svar på :

- Utslepp av Ammoniakk- NH3 pr tonn mjølk produsert
- Utslepp av klimagassane CH4, N2O og CO2 pr tonn mjølk produsert
- N- og P-utnytting i produksjonen.



Vi ser at det er stor skilnad på kor klima- og miljøvenleg drifta er. Meir detaljert informasjon om resultatata finst i vedlegg 1, «Plansjar frå innlegg på kursuka i NLR, nov. 2015».

Resultata frå analysane må kvalitetssikrast meir. Vi ser mellom anna utfordringar når det gjeld produksjon av oksekjøt, som er ein standardisert produksjon i Nederland, men veldig variabel på mjølkeproduksjonsbruk i Norge. Dette vil vi arbeide meir med framover, i tillegg til å hente inn data frå fleire gardsbruk. Vi vil også samanlikne resultat frå dei ulike gardsdriftene og sjå om vi kan finne forklaringar på korfor nokon har ein meir klima- og miljøvenleg drift enn andre.

Steget over i driftsfase

LD peiker i tildelingsbrevet på utfordringar med å ta steget over i ein driftsfase. NLR Hordaland samarbeider no med NLR sentralt om å ha NLR Kretsløpstolken med som ein del av rådgivingsprosjektet Klimasmart landbruk. Vi har delteke på fleire møte om klimarådgiving, både med NLR og med Norges Bondelag. NLR Kretsløpstolken vil vere ein del av pilotprosjektet i NLR som gjeld klimarådgiving. Vårt mål er at NLR Kretsløpstolken skal bli eit verktøy som alle rådgjevarar i NLR kan bruke i klimarådgivinga for mjølkeproduksjonsbruk.

Samarbeid med andre

Vi har oppretta ein referansegruppe for prosjektet som har hatt eit møte. Vi deltek også i NIBIO Tingvolls prosjekt: «Muligheter for miljø- og klimavennlig melkeproduksjon- Klimaprojektet», der resultat frå analysar med NLR Kretsløpstolken vert samanlikna med analysar frå andre klimamodellar. Vi ser på samarbeidet som nyttig med tanke på å kvalitetssikre av utrekningane i NLR Kretsløpstolken.

Datfangst

Vi ser at det er arbeidskrevjande og kostbart å hente inn opplysningar som er naudsynte for å gjere analysar med NLR Kretsløpstolken. Dette har vore meir krevjande enn vi såg for oss når me planla prosjektet.

I Nederland har dei etablert rutinar og utvikla verktøy slik at meieri, slakteri, kraftfôrleverandør, rekneskapskontor med fleire kan sende opplysningar og informasjon direkte og elektronisk for overføring til «Kringloopwijzer». Før opplysningane vert sendt må bonden godkjenne dette. Vi ser for oss at slike rutinar også kan bli etablert for norske gardsbruk, men meiner det ligg utanfor dette prosjektet.

Bonden kan også sjølv legge inn data i analyseverktøyet og gjere sine egne utrekningar.

Møteverksemd i 2015.

Møter, eksternt			
Dato	Sted	rådgiver	Merknad
14.-15. januar	Wageningen	Bart	Møte med programutviklerne, rådgivere og forskere i NL
27. feb	Bergen	Torleif/Bart	Workshop om samarbeid Bioforsk, Sissel Hansen og NLR
17. mar	Telefon	Torleif/Bart	M/ Sissel Hansen Bioforsk om samarbeid
24. mar	Telefon	Bart	Møte m/ NIBIO om samarbeidsprosjekt
26. mar	Bergen	Liv	Møte med fylkesutvalg Klima Hordaland, orientert om arbeidet.
09. apr	TElefon	Liv/Bart	Møte m/ NIBIO om samarbeidsprosjekt
13. apr	Telefon	Bart/Torleif	Møte med Bioforsk/NILF mm som samarbeidsprosjekt
17. apr	Bergen	Torleif	Møte Klimarådet HFK, orienterte om arbeidet.
20. apr	Ås	Bart	Møte m/ NLR v/ Kåre Oskar Larsen og Jan Ferstad
12. mai	Telefon	Bart	Møte m/ Tveit rekneskap vedr innhente opplysninger til Kretsløpstolken
18. jun	Oslo	Liv	Møte m/ Norgesbondelag, NLR m. fl. Klimasmart landbruk, orientert om prosjektet
07. okt	Telefon	Torleif	Klimaprojektet, NIBIO Tingvoll
15. okt	Telefon	Bart/Gunnla	Klimaprojektet, NIBIO Tingvoll
27.-28. oktober	Wageningen	Bart	Møte med programutviklerne, rådgivere og forskere i NL



Fagmøte			
Dato	Sted	rådgiver	Merknad
12.jan	Omvikdalen	Bart	Presentasjon av data for bønder / prosjektdeltakere
24.mar	Kvam	Torleif, Lise	Optimal bruk av husdyrgjødsel / presentasjon av arbeidet
26.mar	Fusa	Torleif, Lise	Optimal bruk av husdyrgjødsel / presentasjon av arbeidet
09.apr	Vaksdal	Torleif	Optimal bruk av husdyrgjødsel / presentasjon av arbeidet
21.apr	Ulvik	Gunnlaug	Fokus på jordstruktur, utnytting av næringsstoff og kretsløp
24.apr	Voss	Torleif, Gunr	Optimal bruk av husdyrgjødsel / presentasjon av arbeidet
10.nov	Hell, Trøndelag	Bart	Presentasjon av prosjekt og resultat for rådgivere i NLR

Møter, internt			
Dato	Sted	rådgiver	Merknad
09.jan	Lync	prosjekt- medarbeid.	Språkvask mm
12.jan	Rosendal	Bart og Torleif	Gjennomgang av modellen
26.feb	Bergen	prosjekt- medarbeid.	Møte i referansegruppa
11.aug	Norheimsund	prosjekt- medarbeid.	Opplæring innsamling av data hos bonden
12.aug	Bergen	Bart, Helena, Torleif	Opplæring, gjennomgang av modellen
25.aug	Voss	prosjekt- medarbeid.	Opplæring, arbeidet med den nye modellen

Rekneskapsrapport i 2015.

Førebels rekneskapsrapport					
Kostnader	Budsjett 2015		timer	pris pr time	Merknad
	kr				
Arbeid	kr	525 000,00	764	kr 573 000,00	Sjå vedlegg 2. Aktivitetsrapport 2015
Kontorhald	kr	20 000,00		kr 22 156,00	kr. 29 pr arbeidstime
Kjøp av tenester	kr	20 000,00		kr 111 600,00	vi får ein rekning frå UR Wageningen på 12000 Euro, kurs 9,3
Reiser	kr	40 000,00		kr 36 016,55	
Kurs og Fagmøte	kr	60 000,00		kr 15 600,00	6 møte
Formidlingskostnader	kr	20 000,00		kr 6 000,00	2 fagartiklar
Sum	kr	685 000,00		kr 764 372,55	

På bakgrunn av denne korte statusrapporten og førebels rekneskapsoversyn ber vi om å få utbetalt kr. 330 000,- av tilskotet .

Vi bed om å få utbetalt tilskotet til vår bankkonto: 3411.23.62632. Vårt organisasjonsnummer er: NO 882 348 792 MVA.

Med venleg helsing
Norsk Landbruksrådgiving Hordaland


Liv Lyngstad
Dagleg leiar